



Referat

Møte 2/2025 i strategisk samarbeidsutvalg (SSU)

Tid:	Onsdag 12. juni 2025
Møtestad:	Alrek helseklynge, møterom Tarlebø
Møteleiar:	Eivind Hansen (Helse Bergen), leiar av SSU
Til stades:	Kommunehelsetenesta: Belén Birkenes (OU Bergen), Ingvild Kirsti Hjelmtveit (OU Nordhordland), Johnny Breivik (OU Bergensregionen), Solrun Hauglum (OU Voss), Trond Egil Hansen (OU Bergen) Spesialisthelsetenesta: Eivind Hansen (Helse Bergen), Janiche Buanes Heltne (Betanien sykehus), Rebekka Ljosland (Haraldsplass Diakonale sykehus, vara for Kjerstin Fyllingen), Linn Dale Bergsma (Helse Bergen) Brukarrepresentantar: Evy Knutsen (brukerrepresentant, spesialisthelsetjenesten), Theresa Dang (ungdomsråd spesialisthelsetjenesten) Observatørar med tale- og forslagsrett: Björg Merete Hjallen (tillitsvalgt, Legeforeningen), Kristin Cotta Schønberg (Statsforvalteren, fylkeslege i Vestland), Grete Fosse (Kommuneoverlege, vara for Eystein Hauge) Samarbeidssekretariatet (SSE): Anne Kvalheim (Helse Bergen), Elena Sandgathe (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Eli Skeie (OU Voss lokalsjukehusområde), Eva Kristin Nordnes (OU Nordhordland), Inga Larsdottir Søreide Holmås (OU bergensregionen), Kenneth Nodeland (OU Bergen), Trude Hjortland (Helse Bergen)
Forfall:	Gunn Mali Steen (fastlege), Bjørn Sivertsen (brukarrepresentant, kommunane), Hilde Ystanes (KS), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen). (fråfall med vara: Kjerstin Fyllingen (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Eystein Hauge (kommuneoverlege))
Referent:	SSE



Nr.	Sak
09/25	Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå førre møte v/leiar av SSU <i>Vedtak:</i> Godkjent.
10/25	Godkjenning av revidert særavtale til Tenesteavtalene 2, 6 og 10 v/SSE. Det kom innspel om koplinga inn mot helsefelleskapet burde kome tydlegare fram i dokumentet. Forslag til tekstendring er i siste avsnitt under punkt 1: “Denne særavtalen er i tråd med gjeldande lovverk og <u>Helsefelleskapet i bergensområdet sitt avtaleverk; herunder spesifikt Tenesteavtale 2, Tenesteavtale 6 og Tenesteavtale 10</u>”, og i første setning under punkt 3: “Særavtalen skal sikre vidare drift av Lærings- og meistringsnettverket (LM-nettverket) i <u>Helsefelleskapet i bergensområdet, (...)</u>”. Tekstendringa er godkjent i arbeidsgruppa, og dersom SSE ikkje får anna innspel frå SSU innan utgangen av juni 2025, vert det ståande. <i>Vedtak:</i> • SSU vedtar revidert særavtale til Tenesteavtalane 2, 6 og 10 - Lærings- og meistringsnettverk, og sender særavtalen til handsaming hos partane i Helsefelleskapet for bergensområdet. • Dersom SSE ikkje får anna innspel frå SSU innan utgangen av juni 2025, vert endringsforslag til tekst ståande.
11/25	Godkjenning av tenesteavtale 12 v/Trond Egil Hansen, OU Bergen sin representant i arbeidsgruppa. I møte blir det vist til punkt 4.1., kulepunkt 2, i avtalen: “<i>Partane forpliktar seg til å halde kvarandre informerte om endringar som påverkar partane og sørgje for gjensidig rettleiing innanfor det enkelte tenesteområde, inkludert oppbygging og nedbygging av kapasitet.</i>”. Dette er eit krevjande punkt, og det kom spørsmål i møtet om korleis dette skal løysast. Leiar og nesteleiar av arbeidsgruppa bekrefta at dette har vore det punktet som arbeidsgruppa har strevd mest med. Arbeidsgruppa konkluderte dermed med at konkretisering av korleis ein skal gjennomføre det vil kunne være vanskeleg, men avtalepunktet i seg sjølv forpliktar og viser retning for samarbeidet. <i>Vedtak:</i> SSU vedtar Tenesteavtale 12 slik den no føreligg, og sender avtalen til handsaming hos partane i Helsefelleskapet for bergensområdet.
12/25	Riksrevisjonens vurdering av rehabiliteringstjenestene – forslag til tiltak v/ Eileen Langedal (Bergen kommune) og Elena Sandgathe (her som representant for Haraldsplass Diakonale sykehus). Gjennomgang av felles funn og forslag til felles tiltak i dei lokale arbeida knytt til oppfølging av riksrevisjonen si vurdering av rehabiliteringstenestene. Arbeidsgruppene har foreslått tre tiltak (sjå under vedtak).



	Innspel i møtet: - Eit eventuelt fagleg samarbeidsutval (FSU) for rehabilitering lyt henge saman med nettverk for Lærings og mestringssenter (LMS). Drøfte eit eventuelt mandat i neste møte? - Ønskje å følgje opp resultata ein oppnår med tiltaka. Mogleg å få ein rapport om 2 år? - Behov for informasjon går igjen. Er det mogleg å ha ein felles innsats i helsefellesskapet for å få dette betre på plass. Heimesidene til kommunane lyt i så tilfelle vera med. - Det vart oppmoda til å søke rekrutterings- og samhandlingstilskot til prosjekt innanfor rehabilitering <i>Vedtak:</i> SSU stiller seg bak arbeidsgruppene sine forslag til tiltak, og ber SSE følgje opp anbefalingane om å: • Vidareutvikle samarbeid og informasjon kring om rehabilitering, inkludert på saman.no • Etablere eit fagleg samarbeidsutval for rehabilitering • Be områdeutvala drøfte om dei ønskjer å etablere interkommunale rehabiliteringssamarbeid • Gi innspel nasjonalt på punkta som arbeidsgruppene har løfta fram
13/25	Avklaring om rollen til dei private ideelle innan psykisk helsevern i områdeutvala Innleiing ved SSE. <i>Vedtak:</i> • SSU vedtar at DPI-ane kjem inn som representantar i områdeutvala der dei har områdeansvar og elles inga endring i representasjon i områdeutvala. • SSU ber de private ideelle innan psykisk helsevern om å melde inn representantar til dei aktuelle områdeutvala i god tid før neste OU-runde i september. Representantane skal meldast til SSE. • SSU ber SSE følge opp med nødvendig presisering i retningslinje for deltaking og representasjon under punkt 2.
14/25	Forankring av prosjekt "Samhandlingsmodell for digital hjemmeoppfølging" Orientering v/Preben Aleksander Tholo Von Ahnen (Bergen kommune) og Ingrid Marie Iversen (Helse Bergen). Gjennomgang av prosjektet, budsjett og ønskje om organisering. Dei skisserte styringsgruppemedlem er førespurd og har stilt seg positive til å bidra. Det er mål om å få vekk barrierar, slik at ein kan skape digitale prosjekt som kan skalerast opp der «alle skal med» på tvers av kommunegrenser og tenestenivå. <i>Vedtak:</i> • SSU vedtar forslag til styrings- og prosjektstruktur med prosjektgruppas førespurde representantar. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv med leiar/nestleiar. Kristin Brekke, Bergen kommune, er prosjekteigar. • SSU vedtar at prosjektet "Samhandlingsmodell for digital hjemmeoppfølging" blir forankra i Helsefellesskapets handlingsplan. • Styringsgruppa og prosjektgruppa rapporterer med jamnleg status til SSU.
15/25	Nettverk for helsefellesskap – representantane si rolle v/ Trond Egil Hansen, kommunal representant i nettverket.



	<i>Vedtak:</i> SSE vedtek at • Helsefellesskapet i bergensområdet held fram med representasjonen som i dag, med éin representant frå kommunane og éin frå spesialisthelsetenesta. • Representantane skal fremja saker og informasjon på vegne av helsefellesskapet, uavhengig av kor ein er tilsett. • Representantane har ansvar for å dele informasjon ut i helsefellesskapet. • Representantane har ansvar for å innhente innspel og sikre forankring i helsefellesskapet der det er naudsynt.
16/25	Samhandlingstilskot 2025 – innspel til neste søknadsrunde Innleiing v/SSE. Arbeidsgruppa som utarbeida forslag til søknadskriterium og -prosess for rekrutterings- og samhandlingstilskotet, fekk hausten 2024 i oppdrag å fungere som søknadskomitee. Søknadskomiteen skal ha evalueringsmøte etter sommaren. Dei fire områdeutvala har fått moglegheit til å gje sine innspel til neste søknadsrunde. <i>Innspel i møtet:</i> • Lyt vera enkel prosess • Vurdere om noko av pengane bør haldast igjen eller bør ein tenke strategisk og prioritere dei som har fått før for å bidra til implementering • Habilitetsspørsmål lyt vurderast. Viktig å ha fått dette avklart formelt og juridisk. Ordninga som vart gjennomført i årets tildeling, der søknadskomiteen tilrår og SSU tildeler, bidrar til ryddig prosess. • Viktig at prosjekta må kunne skalerast i helsefellesskapet. Bør det setjast av midlar til oppfølging/skalering av prosjekt? Kan ein være tydeleg på kva ein ikkje gjer midlar til? • Representantane i SSU sakna informasjon om prosjekta som låg i innstillinga frå søknadskomiteen. <i>Vedtak:</i> SSU ber søknadskomiteen vurdere om det er behov for å revidera søknadskriteria og søknadsprosessen, basert på eigne erfaringar samt innspel frå områdeutvala og SSU, og eventuelt foreslå endringar til SSU-møtet i oktober 2025.
17/25	Korleis skal helsefellesskapet jobbe saman for å sikra gode rekrutteringsprosessar, og best mogleg bruk av kompetanse - og oppgåvedeling? v/ Inga Larsdottir Søreide Holmås (frå SSE, men her på vegne av kommunalsjefane i OU bergensregionen). Gjennomgang av bakgrunn for innmeldt sak og korleis problemstillinga er forankra i Helsefellesskapet i bergensområdet sin overordna strategi, handlingsplan og tenesteavtale 6. Kommunalsjefane i bergensregionen har laga utkast til mandat for vidare arbeid, samt skissert korleis ein kan sjå føre seg representasjonen i ei eventuell arbeidsgruppe som skal jobbe med dette. <i>Innspel i møtet:</i> • Viktige problemstillingar å ta tak i. • Store og vanskelege spørsmål, og det er behov for å avgrense kva denne gruppa skal gjere.



	• Mandatet lyt vera ramma inn av føringar frå både nasjonalt hald og helsefellesskapet. • Lyt ha fokus på felles problemstillingar (ikkje eigne/lokale) i helsefellesskapet • Vi må gå frå å ha fokus på rekruttering til meir korleis vi riggar oss. <i>Vedtak:</i> SSU er positiv til ei arbeidsgruppe med oppdrag i mandat, og ber partane vurdere om det er kapasitet til dette arbeidet. Partane blir bedt om å gje tilbakemelding til SSE om dette innan utgangen av august 2025. SSU ber SSE presentera forslag til plan i neste SSU.
18/25	Orientering om samhandlingsprosjekt på Voss Leiar av SSU informerte kort om prosessen rundt å svare ut bestillinga frå Helse- og omsorgsdepartementet om å skissere eit samhandlingsprosjekt, med innspel frå representant for OU Voss lokalsjukehusområde. Det var særskorte fristar og prosessen vart ikkje optimal. Voss sjukehus og kommunane i lokalsjukehusområdet fekk likevel god lokal forankring og sendte inn skisser til to potensielle prosjekt.
19/25	Korleis skal helsefellesskapet planlegge for å handtere krig? - prioriterte område for vidare arbeid og forankring i handlingsplanen v/Brit Pedersen (Helse Bergen) og Kristine Lillebø (Bergen kommune), høvesvis leiar og nestleiar i arbeidsgruppa. Det viser seg at mykje er overlappande i GAP-analysane i spesialist- og primærhelsetenesta. Arbeidsgruppa har prioritert følgjande områder å jobbe med i arbeidet: • Kompetanse • Kapasitet • Samhandling og struktur Innspel i møtet: • Ein ny særavtale til tenesteavtale 11 kan vera aktuelt • Kommunane lyt kartlegge i eiga organisasjon med tanke på kva personell ein sitt igjen med ved ev. omdisponering. Dette vil truleg ikkje kome frå nasjonalt hald. • Bør involvere fastlegane, som er og vil vera ei særskilt viktig brikke. • Det vert vist til rettleiar for kommuneoverlegefunksjonen som seier noko om korleis kommuneoverlegane kan nyttast i slike situasjonar. • Bør nytte ulike arenaer for å etterspørje nasjonale prioriteringar, inkludert Nettverk for helsefellesskap. Året 2026 blir truleg «Totalforsvarsåret». • Helsedirektoratet har hatt eit arbeid om kompetanse, og vil truleg bli formidla til sommaren 2025. • Lurt å involvere både politi, sivilforsvar og heimevern når ein har øving i kommunane. • Bør «prioritering» også på oversikten over områder? <i>Vedtak:</i> SSU viser til oppdraget som er gitt arbeidsgruppa, og gjer følgjande vedtak: • SSU tek til orientering dei prioriterte områda for vidare arbeid som blir presenterte i møtet 12. juni 2025. SSU vedtek at arbeidet med «Korleis skal helsefellesskapet planlegge for å handtere krig?» vert forankra i handlingsplanen.
20/25	Status handlingsplan 2025-2026 v/SSE.



	Handlingsplanen er oppdatert med ei kolonne som viser status for tiltaka. Tiltak som vart vedteke i møtet lagt inn i oversikten. Tiltak som er fullført er samla til slutt i dokumentet. Innspel i møtet: • Korrigere tekst om særavtale til Tenesteavtale 11. Særavtalen skal etablerast, ikkje bli revidert, slik det sto i handlingsplanen. <i>Vedtak:</i> SSU tek status for handlingsplanen til orientering.
21/25	Eventuelt - Statusmelding frå PLL-prosjektet vedlagt innkallinga til orientering. - I tillegg vart SSU informert om at Helsedirektoratet arbeider for å lage eit kunnskapsgrunnlag om korleis dagens system med utskrivingsklare pasientar fungerer (sjå vedlegg).